



Arkivnr: 2017/732-90

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		12.12.2017
Fylkestinget		12.12.2017

Yrkesopplæringsnemnda - val av elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant

Samandrag

Fylkestinget har i møte den 27.10.2015 vald yrkesopplæringsnemnd for valperioden 2015 – 2019. Elev-/lærling-/lærekandidatrepresentanten er oppnemnd for to år. Valnemnda vert no beden om å foreta innstilling til Fylkestinget til yrkesopplæringsnemnda for den andre delen av den fylkeskommunale valperioden 2015-2019.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slike val til yrkesopplæringsnemnda med funksjonstid resten av valperioden 2015-2019 (2018-2019):

Elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant:

Vararepresentant:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.11.2017

Fylkestinget valde den 27.10.2015, sak 84/2015, medlemmer og varamedlemmer til yrkesopplæringsnemnda for valperioden 2015-2019.

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) regulerer samansetninga og funksjon for yrkesopplæringsnemnda.

Det går fram av opplæringslova § 12-3 at:

«Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4.

Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakar organisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst ein representant for elevvar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lærekandidatane blir oppnemnde for to år om gongen. «

I sak 84/2015 valde fylkestinget følgjande medlemmer og varamedlemmer til yrkesopplæringsnemnda:

Medlemmer:

Frå fylkeskommunen:

1. Anne Gine Hestetun (A)
2. Roald Stenseide (FRP)

Frå arbeidsgjevarorganisasjonane:

1. Tom Knudsen (NHO)
2. Birgitte Svanevik (NHO)
3. Sølvi Sørebo (KS)

Frå arbeidstakarorganisasjonane:

1. Roger Pilskog (LO)
2. Rita Jordal (Fagforbundet.)

Frå elevane/lærlingane/lærekandidatane (funksjonstid 2 år):

1. Julie Dyrkolbotn Breistein.

Varamedlemmer:

Frå fylkeskommunen:

1. Tor Andre Ljosland (KrF)
2. John Helge Gullaksen (H)

Frå arbeidsgjevarorganisasjonane:

1. Linn Cecilie Moholt (NHO)
2. Terje Hansen (NHO)
3. Marie Størdal (KS)

Frå arbeidstakarorganisasjonane:

1. Jill Hellem (YS)
2. Atle Rasmussen (LO)
3. Elisabeth Refvik Fagforbundet (LO)

Frå elev/lærlingane/lærekandidatane (funksjonstid 2 år):

1. Lisa Nord Hopland.

Det må no gjerast nytt val av elev-/lærlinge-/lærekandidatrepresentant og varamedlem, då funksjonstida på 2 år snart er over.

Opplæringsavdelinga hentar inn forslag på elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant.